



Fitjar sokn

Fitjar kommune
v/ rådmannen

5419 Fitjar

Fitjar, 25. oktober 2017

Kommunal støtte til Fitjar kyrkje i 2018
Soknerådet behandla sak om budsjett for 2018 på møte den 19. oktober.
Framlegget til budsjett inneber at Fitjar sokn søker kommunen om
kr. 2.800.000,- i tilskot for 2018.

DRIFTSBUDSJETTET

Budsjettet byggjer m.a. på desse føresetnadane:

1. Budsjettet er justert med Kommunal deflator som er sett til 2,6 %, der lønsvekst er berekna til 3,0 % og prisvekst til 1,9 %.
2. Pensjonskostander er budsjetterte i tråd med prognose frå KLP
3. Satsane for gravfeste og andre inntekter på gravplassen vert ikkje endra
4. Soknerådet legg ikkje opp til at det skal gjennomførast større endringar i kyrkja sin aktivitet i åra som kjem. Drifta i 2018 kan difor brukast som grunnlag for langtidsplanen for dei neste fire åra

Tilsette i kyrkja

I kyrkja er det løn til medarbeidarane som utgjer storparten av budsjettet. Tabellen nedanfor viser kva stillingar som ligg inne i 2017 og kva stillingar me ynskjer å skal ha i 2018.

Dersom løyvinga til kyrkja vert vesentleg mindre enn omsøkt, vil soknerådet leggja auken i administrativ ressurs på kyrkjekontoret som passivt tiltak.

Stilling	2018	2017	Merknad
Kyrkjeverje	0,50	0,50	
Kantor	0,65	0,65	
Kyrkjelydsprest / barne- og ungdomsprest	1,00	1,00	Ny kombinert stilling i 2018
Kyrkjelydspedagog		0,50	Oppgåvene er lagt til ny stilling
Kyrkjegardsarbeidar	0,50	0,60	
Kyrkjetenar/reinhaldar	0,20	0,40	
Administrativ ressurs på kyrkjekontoret	0,60		Evt. ny eller auka stilling
Sum	3,45	3,65	
Klokkar på gudstenestene			Frivillig arbeid
Kyrkjetenar på sundagar			Frivillig arbeid
Sum			



Kommentarar for dei ulike avdelingane i budsjettet

Administrasjon:

Som det går fram av tabellen over stillingane i kyrkja, er det ein reduksjon på 0,2 årsverk i 2018 i høve til dei stillingane som er aktive i 2017. Det som er verd å merka seg, er at talet på stillingar i 2018 føreset at kyrkja får overført heile den omsøkte summen. I budsjettframlegget som føl søknaden er det lagt inn ei 60 % stilling til administrativ ressurs på kyrkjekontoret (50 % under administrasjon og 10 % på gravplassen). Dersom det ikkje vert rom for denne stillinga, vil i røynda staben i kyrkja verta redusert frå 3,65 årsverk i 2017 til 2,85 ved utgangen av 2018.

Prestane i Fitjar får svært lite hjelp til kontorarbeid i forhold til prestar i andre kommunar. Med ei omorganisering av prestenesta, der trusopplæringa og vert ein del av prestane sine oppgåver, vil behovet for kontorhjelp verta ytterlegare forsterka. I tillegg til dette er det behov for meir kapasitet til planlegging, arkiv og andre merkantile oppgåver på kyrkjekontoret.

Kostnaden for tenesteavtalen med kommunen er oppjustert med kommunal deflator.

Til administrasjon er det i budsjettframlegget lagt inn kr. 1.070.800,-, i kommunalt tilskot. Av dette vert kr. 253.000,- betalt tilbake til kommunen for husleige m.m.

Kyrkja:

Lønsmidlane som ligg inne i budsjettet for kyrkja er tenkt å gå til kontor i 65 % stilling og fast tilsett reinhaldar/kyrkjetenar i 20 % stilling. Klokkarteneste og storparten av arbeidet som kyrkjetenar vil verta gjort på dugnad, under føresetnad av at kommunalt tilskot tilsvarande lønskostnad til kyrkjetenar/klokkar kan overførast til stillinga som kyrkjelydsprest.

Det er lagt inn kr. 120.000,- til vedlikehald av kyrkja. Me har nett fått utarbeida ein omfattande tilstandsrapport for kyrkja. Rapporten konkluderer med at Fitjar kyrkje, trass sine 150 år, er i god stand. Det som ein bør få gjort noko med snarast råd, er å gå over taket for å retta og festa ein del skiferheller som er komme i ulage. Det driv frå tid til anna regn inn på sutaket og dette kan føra til råteskader dersom ein ikkje får retta opp skaden. Arbeidet med taket er krevjande og må utførast av fagfolk med skikkeleg utstyr og gode sikringstiltak. Utanom dette arbeidet, håpar me å få utføra noko utvendig maling på kyrkja til sommaren.

Utover dette er det ikkje større endringar i budsjettet for denne avdelinga i høve til tidlegare år.

Til drift av kyrkja er det i budsjettframlegget lagt inn kr. 1.003.700,- i kommunalt tilskot.

Kyrkjelydsprest:

Soknerådet ser at det er krevjande å få på plass økonomi til å halda på ei 100 % stilling som lokal kyrkjelydsprest i Fitjar. Dei siste åra har store deler av kyrkjelydspresten si løn vorte dekkja av oppsparte fondsmidlar. Fondet var i utgangspunktet på om lag kr. 1.000.000,- For 2016 og 2017 ser det ut for at meir enn kr. 600.000,- av desse pengane vil vera brukt opp. Ordninga er, slik den har vore dei siste åra, ikkje økonomisk berekraftig.



Fitjar sokn

Noverande kyrkjelydsprest er tilsett i ei tidsavgrensa stilling som går ut i februar 2018. Alt etter korleis forholda legg seg til rette, kan dette engasjementet verta forlenga ei tid framover.

Kyrkjelydspedagogen som har vore tilsett i 50 % stilling sidan 2011 slutta i jobben hausten 2017. Soknerådet valde då å etablere ei kombinert stilling som kyrkjelydsprest / barne- og ungdomsprest. Planen er at presten som vert tilsett i stillinga m.a. skal ha ansvar for trusopplæringa i kyrkjelyden. Ein stor del av det øyremerkte trusopplæringstilskotet på omlag kr. 290.000,-, som me får frå staten/bispedømet, kan då gå med til å løna denne stillinga. Stillinga skal etter planen bli lyst ut i desember 2017 med tilsetjing i februar 2018.

Det er usikkert kva tid på året me får folk i den nye stillinga. I budsjettet er det lagt inn 100 % kyrkjelydsprest for første halvår, og at det skal vera folk på plass i den nye stillinga frå då av.

I budsjettframlegget for 2018 er det lagt inn kr. 316.500,- i kommunalt tilskot til kyrkjelydsprest, der kr. 200.000,- tilsvarar lønnskostnader til klokkar/kyrkjetenar.

Trusopplæring:

Trusopplæringa vert i utgangspunktet finansiert av øyremerkte inntekter frå staten via bispedømet. Det er talet på barn i soknet som avgjer kor stort tilskotet skal vera. For oss i Fitjar er tilskotet stort nok til å finansiera 40 % stilling som kyrkjelydspedagog, samt andre kostnader som knyter seg til trusopplæringa. All trusopplæring vert gjennomført etter ein lokal trusopplæringsplan som er godkjent av bispedømerådet. Soknerådet i Fitjar har gjort vedtak om at ansvaret for trusopplæringa skal leggjast til ein nyoppretta stilling som kyrkjelydsprest / barne- og ungdomsprest.

Gravplassen:

Kyrkjegarden i Fitjar framstår som velstelt og fin. Det er me stolte av og her vil me ikkje slakka av på kvaliteten. På bakgrunn av dette har me lagt opp til å halda drifta av kyrkjegarden på same nivå som tidlegare. Stillingane som er knytte til kyrkjegarden er 50 % kyrkjegardsarbeidar og 10 % kontormedarbeidar som hjelper til med administrasjon av gravregister, festeavgifter, gravstell m.m. I tillegg vert det leigd inn ekstra hjelp om sommaren. Drifta av kyrkjegarden vert finansiert med inntekter frå festeavgift og kommunalt tilskot. Kyrkja får og hjelp av frivillige til å stella kyrkjegarden.

Av særlege tiltak i 2018, ynskjer me å få fella fleire av dei store trea som står rundt på kyrkjegarden. Til dette har me sett inn ein sum på kr. 25.000,-. Elles vil me med egne tilsette arbeida med drenering på dei mest vass-sjuka felta på gravplassen.

Til drift av gravplassen er det i budsjettframlegget for 2018 lagt inn kr. 409.000,- i kommunalt tilskot.

Anna kyrkjeleg verksemd:

Avdelinga for anna kyrkjeleg verksemd omfattar deler av kyrkja sitt arbeid som kommunen i utgangspunktet ikkje er forplikta til å finansiera. Her ligg det m.a. inne arrangement i soknet sin regi utanom gudstenester og kyrkjelege handlingar, samt kollektar til kyrkjelyden sitt eige arbeid.



Fitjar sokn

Ungdomsarbeid:

Budsjettet for kyrkja sitt ungdomsarbeid omfattar for det meste konfirmantarbeidet, men kyrkja støttar og opp om Tentreff og KRIK som er ein viktig del av ungdomsarbeidet i Fitjar.

Soknerådet ynskjer at alle konfirmantane i tillegg til ordinær konfirmantførebuing, skal få høve til å reise på konfirmantleir. For at eigendelen som foreldra betalar for konfirmantførebuinga ikkje skal vera for høg, vil kyrkja sjølv vera med å gje stønad til konfirmantleiren. Eigenbetalinga er for året 2018 sett til kr. 2.000,-.

Kyrkjeblad:

Fitjar kyrkjeblad kjem som regel med seks utgåver kvart år. Bladet vert finansiert med annonseinntekter og gåver.

Diakoni:

Kyrkja sitt frivillige diakoniarbeid utgjer ein viktig del av det totale omsorgstilbodet i Fitjar. Kostnadane med arbeidet vert dekkja inn ved hjelp av eigenbetaling for turar og andre arrangement, samt kollektar og gåver.

INVESTERINGSBUDSJETTET

Gravplassen

Kyrkja fekk under budsjettbehandlinga for 2016 tilført kr. 100.000,- for å utarbeida ein langsiktig plan for arealbruk, investeringsbehov og andre tiltak på gravplassen, her under gjenbruk av gamle gravfelt. No er planen ferdigstilt av selskapet Akasia AS, som er Bergen kirkelige fellesråd sitt organ for gravplassforvaltning. Planen er eit godt verktøy for både kyrkja og kommunen når det gjeld investeringsbehov på gravplassen fram til 2030.

I planen er det lagt opp til at arbeidet med å fornya det første gravfeltet (felt D) må gjennomførast i 2020. Grunna kapasiteten på kyrkjegarden kan ein ikkje vente lenger enn dette. Det nye gravfeltet vil ha ein kapasitet på 125 graver (62 doble). Det kan vera aktuelt å setja av nokre av desse gravene for muslimar.

I samband med fornying av felt D ville det vore gunstig å fått utarbeida ein namna minnelund for stellfrie urnegraver. Dette er eit tilbod som mange etter kvart har ynskje om skal finnast på ein gravplass. På den nyaste delen av gravplassen har me eit område som vil vera godt eigna for dette føremålet .



Fitjar sokn

Kostnaden med desse to prosjekta har me førebels sett til 750.000,- for fornying av gravfelt D, og kr. 250.000,- for ein namna minnelund for stellfrie urnegraver.

I langtidsplanen bør det setjast av kr. 100.000,- i 2019 og kr. 900.000,- i 2020 til investering på gravplassen.

Utkast til investeringsbudsjett for Fitjar kyrkje 2018 - 2021:

Tiltak	2018	2019	2020	2021
Prosjektering, gravplassen		100.000		
Fornyng av gravfelt m.m.			900.000	
Eigenkapitalinnskot KLP	8.000	8.000	8.000	8.000
Sum	8.000	108.000	908.000	8.000
Finansiering				
Kommunalt tilskot		100.000	900.000	
Eigenkapital/gåver	8.000	8.000	8.000	8.000
Sum	8.000	108.000	908.000	8.000

Soknerådet legg ikkje opp til endringar i satsane for festeavgift og andre inntekter på gravplassen i 2018. Satsane vert difor slik for dei ulike tilboda:

Festeavgift pr. år	200
Reservering av grav	4.000
Seremoni i kyrkja for utanbygds og ikkje-medlemer	3.000
Gravlegging utanbygds, kistegrav	7.000
Gravlegging utanbygds, urnegrav	3.000

Fleire detaljar om kyrkja sitt budsjettframlegg er å finna i det vedlagte talmaterialet. Ta kontakt med kyrkjevevja om det skulle vera spørsmål eller kommentarar.

Me håpar på ei positiv behandling av søknaden.

Venleg helsing

Helga Olsen Aadland
Soknerådsleiar

Harald Rydland
Kyrkjevevja